



Tenk at det var så mykje snø i Uskedalen før jul i 2009! (Foto: Lars Myklebust)

Marknadsføring med moderne verkemidlar er viktig og i Auto 88 i Uskedalen har dei til rådighet ekspertar på slike midlar.

Ein gong i denne månaden vil dei flytta kundemottaket sitt inn i dei ledige lokala etter kioskverksemda og ein viktig faktor då blir ein stor TV-skjerm med skiftande lokale bilete og ditto nyhende Den vil ein kunne følgja med på også utanfrå.

Førebels har dei sett opp ein mindre testskjerm i den noverande kundemottakinga, men den nye skjermen blir større - faktisk 46 tommar1

Det dei besøkjande no kan sjå er ikkje minst mange flotte bilete frå fjellområda rundt Uskedalen som er teke av Lars Myklebust og Albert Nybakk. Ein kan også nyta Google-opptak av dalen og fjellområdet - med innteikna stigar, tildels justerte med GPS..

Nyhendemeldingane som rullar over skjermen skriv seg i vesentleg grad frå uskedalen.no, men dei kan sjølv sagt hentast inn kvar som helst.

Det er Kenneth Titlestad i Stavanger som har stått for det tekniske opplegget.
- Han er dataguru i Statoil, fortel svigerfar Lars Myklebust.

Av Ola Matti Mathisen



Flotte fjelloptak flimrar over skjermen i Auto 88 og flottare blir dei når storskjermen kjem. (Foto: Albert Nybakk)